

Stord 20. februar 2015

Rapport over utført arbeid ved Halsnøy kloster 2015:

Sunnhordland museum (SM) vart våren 2015 tildelt 1 millionar kroner under Riksantikvaren sitt Ruinprosjekt til Ruinkonservering ved Halsnøy kloster. Museet har disponert midlane i nøyne samråd med prosjektleiar Inger-Marie A. Olsrud, som har vitja klosteret tre gonger i løpet av tildelingsåret.

Det har og vore skipa eit ruinseminar i april for faggruppa kring Halsnøy kloster. Den er sett saman av: Inger-Marie A. Olsrud, RA, Øystein Ekroll, Nidarosdomen, Regin Meyer, NIKU, Alf Tore Hommedal, Bergen Museum, Rune Nilsen, Bergen Kommune, Tore Lande Moe, konservator ved SM, Tor Kaldråstøyl, driftsleiar ved SM, Helen Petersen, avdelingsleiar ved Halsnøy kloster for SM, Trine Kyvik, museumsrådgjevar SM, Øyvind Særsten, som har ansvar for skjøtsel ved Halsnøy kloster for SM, Torill Romsø, Venelaget for Halsnøy kloster, Terje Skåre, Venelaget for Halsnøy kloster, og Jane Jünger, dagleg leiar ved SM.



Oppgåver som er gjennomført ved Halsnøy kloster i 2015:

Ruinskjøtsel: Sunnhordland museum har ein lokal tilsett, Øyvind Særsten, i arbeid for å drive ruinskjøtsel ved Halsnøy kloster. Han har helde området fri for vegetasjon og har i 2015 spesielt arbeida med å rydda opp etter stormen «Nina» våren 2015, som førte med seg mykje nedfall frå tre i heile anlegget og store skader på taket i vestfløya. Særsten har også assistert NIKU i arbeidet med å reinska opp og drenera korsgangen og S1.

Restaurering av ruinane: Murarar frå Bergen kommune har sommaren 2015 arbeida med å restaurera murverket sør for på vestfløya i S1. Tor Kaldråstøyl ved museet har sett opp eit vernebygg over muren i S1. Murarane har teke ut all pinning og cementmørtel og erstatta denne med ny pinning og kalkmørtel. Paul Venaas frå Stord har gått i lære hos murarane frå Bergen kommune. Håpet er at han på sikt kan gje noho av restaureringa av ruinane under rettleiing frå fagpersonar.

Oppreinsking av korgangen og drenering: NIKU, representert ved Regin Meyer, har vore på Halsnøy tre gonger i 2015 for å gjera ei oppreinsking av korsgangen ved kyrkjeruinen. Dette arbeidet er registrert i ein eigen rapport.



Brønrommet: Museet rydda i 2014 brønrommet og byrja å laga klar til ei ny fast utstilling om klosteret i mellomalderen som dette rommet skal husa. I 2015 er rommet kalka ferdig og det er montert glas over brønnen. Ny monter er på plass og museet har fått avtale med Bryggen museum i Bergen om lån av enkelte gjenstandar frå klosteret. Målet er at utstillinga skal vera ferdig i løpet av 2016.

Flytting av innkomst/landskapsplan: Landskapsarkitekt Kari Hope frå Plan Vest har ikkje utført noko arbeid for ruinprosjektet i 2015. SM har arbeida vidare med flyttinga av innkomst og parkering på eiga hand. Det er laga teikningar til trase som vil bli lagt fram for Riksantikvaren våren 2016.

Fogderiarresten: Det blei i 2013 oppretta kontakt med Justisdepartementet ved Liv Kari Nylænd om å få arresten inn i Landsverneplanen for justissectoren. Det er ikkje arbeida vidare med denne saka i 2015.

Murarseminar i regi av RA: Sunnhordland museum deltok i august med ein representantar på RS sitt murarseminar på Selje hausten 2015. Tilbakemeldingane frå kursdeltakaren var særskilt godt.

Oversikt over disponeringa av midlane frå ruinprosjektet:

Løyving for 2015 på 1 million kroner:

Bergen kommune	Murararbeid og materiale knytt til dette arbeidet	400.000 kr
Ruinskjøtsel og assistanse NIKU/murarar	Løn Øyvind Særsten	50.000 kr
Ruinseminar HK og andre møte	Mat, reiserekningar, løn til deltakarar m.m.	30.000 kr
Landskapsarkitekt	Utgreiing/løn Kari Hope Plan Vest	0 kr
Ymse (blant anna innleidd utstyr og transport)	Anleggstraum, stein til murverk, velferd murarane og ny pumpe m. m.	100.000 kr

	brønrom, og ferdigstilling brønrom.	
Trepleie		0 kr
NIKU	Ymse arbeid, rapport, seminar, georadar rapport (*georadar undersøkinga utført i 2014)	300.000 kr *
Lokal murar	Assistanse Bergen kommune, opplæring og vernebygg	80.000 kr
Leige av handverkar SM	Assistanse Bergen kommune/NIKU i V4, vernebygg, brøn/brønrommet og korsgang, reiseutgifter seminar ruineigarar	160.000 kr
SUM		kr 1 100. 000 kr

*Ei rekning frå NIKU på kr 90.000 blei ført på feil post og ikkje oppdaga før dhausten 2015, den vil bli finansiert over tildelinga for 2016.

Sunnhordland museum tilbyd alle som deltek i Ruinprosjektet gratis overnatting i det gamle herregardshuset på Halsnøy kloster. Dette er ein del av museet sitt bidrag inn i prosjektet. Det er gjort ei forbetring av brannvernet i hovudhuset slik at brannsjefen tillèt overnatting i huset.

Jane Jünger
Dagleg leiar Sunnhordland Museum